

André Baraldsnes  
Oddrun R. Skaar  
5911 Alversund

Lindås kommune  
Byggesaksavdelinga  
5914 Isdalstø

|                           |           |
|---------------------------|-----------|
| LINDÅS KOMMUNE<br>TEKNISK |           |
| Arkivkode                 | 141/007   |
| 20 OKT. 2000              |           |
| Ark. saksnr.              | Løpenr.   |
| 00102943                  | 017987/00 |
| Saksh.                    | Grad.     |
| SVT0                      |           |

Alversund 09.10.00.

### Vedkomande søknad om utsleppsløyve frå nybygg i Kvamsvåg.

Eksisterande bolig på Br.nr. 141 G.nr.7 har godkjend anlegg for utslepp med slamavskillar. (X1 på kart som ligg ved.)

Underteikna vil søkje om byggjeløyve for bolig med to bueiningar for utleige på tomt X3. Det er for desse bueiningane vi no søkjer utsleppsløyve.

Vi søkjer om slik løysing for anlegget.

1.

Det vert bygd anlegg med 9m<sup>3</sup> slamavskillar, knytt til ny bolig. ( X2 på kart)

2.

Avløpsslange vert kopla på eksisterande slange til sjø som vist på kartutsnitt. Begge avløpsslangeane vert grave ned eller dekte til heilt fram til sjø.

3.

Søkjar seier seg villig til å forlenga eksisterande avløpsslange i sjø, dersom kommunen set fram krav om dette.


4.


Pr. i dag er det utedo i båthuset ( X4 )med avløpsrør som går rett i sjøen. Vi søkjer om å få innstallert WC som skal erstatta utedoen og kople avløp inn på slamavskillar knytt til nybygg.

5.

Rørleggjar og entrepenør for slamtømming har vore på staden og vurdert løysinga som det vert søkt om.

Med helsing.

  
André Baraldsnes

  
Oddrun R. Skaar.